



Tyark AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/11978 - 22/8876

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
31.01.2022

Ferdigattest - gbnr 323/623, 624 Tomannsbustad BK19 Frekhaug

Administrativt vedtak: Saknr: 122/22
Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søkjar: Tyark AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tomannsbustad BK19 på gbnr 323/623, 624 på Frekhaug. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 19/609, datert 22.03.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til samla søknad om ferdigattester i Elvavegen, motteken 02.12.21 i sak 20/1135.

Skildring Skildring

Adresse:	Elvavegen 89 gbnr 323/623
Bygningstiltak:	Del av tomannsbustad
Bygningsnummer:	300736119

Bruksareal:	135,6 m2
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Elvavegen 91 gbnr 323/624
Bygningstiltak:	Del av tomannsbustad
Bygningsnummer:	300736127
Bruksareal:	134,7 m2
Avløp:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/11978

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Boligbygg Vest AS

Eidsvågbakken 5105
1

EIDSVÅG I ÅSANE

Mottakarar:

Tyark AS

Strandgaten 19 5013

BERGEN